



330.00

Det kongelige barne- og familiedepartement  
Postboks 8036 Dep

0030 OSLO

2004/04169

-191

Dykkar ref.

Vår ref.  
04/02460-006  
000377/05 ASK

Arkivkode  
A10 &13

Stad/Dato  
Varhaug, 06.01.2005

## MELDING OM POLITISK VEDTAK - NY BARNEHAGELOV - HØYRING

Formannskapet behandla i møte 16.12.2004 sak 0121/04. Følgjande vedtak blei fatta:

Hå kommune støttar lovutkastet, men med fylgjande merknader:

- *barns rett til medbestemmelse foreslås synliggjort i en egen bestemmelse*

§3 Barna sin rett til medverknad

Det er positivt at barn sin rett til medbestemmelse kjem med i lova.

Det siste punktet bør ikkje stå i lova, det høyrer eventuelt til i rammeplanen, som ein føresetnad for pedagogisk arbeid.

- *plikten til å søke godkjenning foreslås skjerpet*

§6 Godkjenningsplikt

Det er positivt at plikta til å søkja godkjenning vert skjerpa, at barn skal ha visse rettar når det vert gitt tilsyn mot godtgjering.

- *fylkesmannens tilsynskompetanse foreslås endret*

§ 9 Fylkesmannen sitt ansvar

Det er foreslått å endra lova slik at fylkesmannen ikkje lenger kan driva tilsyn i den enskilde barnehage. Det er greitt, men fylkesmannen må ha høve til å driva tilsyn med alle sidene av barnehagedrifta som kommunen har ansvar for, for å sikra brukarane sine rettar.

- *dagens bestemmelse om rett til prioritet ved opptak foreslås noe utvidet*

§ 13 Prioritet ved opptak

Vi viser til forslaget sitt §8 punkt 2, "Kommunen har plikt til å sørge for at det finnes et tilstrekkelig antall barnehageplasser for barn under opplæringspliktig alder."

Ut frå denne paragrafen, kan vi ikkje sjå behov for §13.

Men dersom ein vil oppretthalda denne paragrafen, er det positivt at det skal vera ei sakkunnig vurdering av behovet.

- *barnehagen sin ledelse og det øvrige personalet*

§ 18 Leing og §19 barnehagen sitt øvrige personale

I nåverande barnehagelov og i nytt forslag til barnehagelov står det at barnehagen er ei pedagogisk tilrettelag verksemd.



Vidare utbygging av barnehagane må leggja til grunn minst like god kvalitet som barnehagane har nå. Eit kriterium for kvalitet er at barnehagen har pedagogisk personale. Det bør vera eit minimum av pedagogisk personale på minst same nivå som nåverande lov føreset. Det er positivt at personal med annan pedagogiske utdanning og vidareutdanning i barnehagepedagogikk vert foreslått å kunna få arbeida i barnehagen, det gir eit større mangfald i personalgruppa.

*Hå kommune går inn for § 18, alternativ B, og § 19, alternativ A.*

- *andre kommentarar*

Det bør vera forskrifter om kva vedtekter i barnehagen skal innehalda.

BFD seier at barnehagen er ein del av den livslange opplæringa. Kommunen tilrår difor at barnehagane vert flytt til undervisningsdepartementet for å få betre kontinuitet i det pedagogiske tilbodet.

Med helsing  
Hå kommune

*Astrid Skretting*  
Astrid Skretting  
konsulent